

# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2011



BYGDEVANDRING PÅ AMDAM 19. JUNI 2011

Vi samla oss i tunet på Einhaugen der Roger Amdam fortalde om historia til garden

Søndag 19. juni 2011 var det bygdevandring på Amdam. Denne gongen var vi svært så heldige med veret, og det var vel tretti personar som hadde møtt fram for å vere med på turen. Vi starta ved butikken til Nils I. Amdam og fekk høyre historia om 51 års drift fram til han vart nedlagt i 2003. Så gjekk turen gjennom tuna på Einhaugen, Bakken, Olegarden og Larsgarden, med skiftande kjentmenn. I Olegarden hadde dei elles ei overasking til oss, i det vi vart inviterte inn i kjellarstova på kaffi og nysteikte sveler. Vandringa vart avslutta med ei omvisning på Amdam Sag og Høvleri. På desse 3 timane hadde vi som var med på vandringa, fått nærare kjennskap til endå ein del av bygda vår, og vi ser fram til fleire liknande høve.

# LOKOMOBILEN TIL NYTT HUS

8. januar 2011

\* **Lokomobilen flytta!** Det "gamle" lokomobilhuset står i vegen for nye vegløyningar i sentrum, og eit flott, nytt hus har kome opp i Bankparken. Laurdag 8.januar 2011 var ein ny milepel nådd, i det det var klart for flytting av lokomobilen over i det nye huset. Først vart klenodiet slept over i vaskehallen til Sjøholt Last og Buss for ein grundig vask. Deretter var det flytting med bil over til det nye huset. Alt gjekk prikkfritt etter planen, og lokomobilen står no til ålment påsyn i sitt nye utstillinglokale. Huset har også funne plass til modellen av Sjøholt Hotell. Ørskog Sparebank har stått for finansieringa av utstillingslokalet



Det flotte, nye utstillingslokalet stod klart til å ta i mot den nye bebuaren.



Å få manøvrert maskinen inn i huset viste seg å gå heilt utan problem.



# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2011

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

## **§1 i laget sine lover lyder:**

*Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.*

*Dette kan gjerast ved:*

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfa*
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde i Paktarhuset 7. mars 2011. 16 personar var til stades. Årsmeldinga for 2010 og rekneskapen for 2010 vart godkjende utan merknader.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda med nokre mindre endringar/tillegg.

Valnemnd var: Tore Gjære og Magnhild Schmidiger.

Arbeidsoppgåver for år 2011 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for år 2012 vart auka frå 200 kr til 220 kr pr år.

Etter vala på årsmøtet og seinare konstituering, har styret vore samansett slik:

## **Styret:**

- |                            |             |
|----------------------------|-------------|
| - Åse Karin Gjære          | leiar       |
| - Petter Sjøholt           | nestleiar   |
| - Ragnar Bakken            | skrivar     |
| - Terje Misund             | kasserar    |
| - Jarle Erstad             | styremedlem |
| - Brynje Vethe             | 1.vamedlem  |
| - Egil Vestre              | 2.vamedlem  |
| - Ann Kristin Haddal Amdam | 3.vamedlem  |

## **Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:**

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Svein Stene.
- Skriftnemnd: 6 medlemmer – leiar Grethe Leikny Gjerde.
- Aktivitets/museumsnemnd: 4 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Husstyre: 4 medlemmer + 2 medlemmer frå Husflidslaget - leiar Arve Ørskog.

I 2001 vart det vedteke retningslinjer for arbeidet i dei fire nemndene ovanfor.

- Fotoregrering: 4 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø.
- Kalenderkomite for 2012: Ørskog Rotary har ansvaret for kalendaren.
- Nemnd for Postvegen: 4 medlemmer – leiar Jan Lande.
- Revisorar: Oddhild Frøysedal og Trude Fimland Sjøholt.
- Valnemnd for 2011: Tore P. Gjære (kallar saman) – Einar Landmark – Egil Vestre.

**Styret** har i meldingsåret hatt fire (4) møte:

4. april – 22. august – 24. oktober - 16. januar. Styret har handsama 33 protokollerte saker.

Medlemstalet i 2011: 202 inkl. to verksemder – jf. årsskriftet for 2011. Dette er ein netto auke på fire frå 2010.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 4. april 2011 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne. 19 personar tok del på møtet.

**Frå styreprotokollen** tek vi med i stikkords form dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåvene.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking.
- ✓ Kveldseta – drøftingar – oppsett av tema – fordeling av oppgåver.
- ✓ Renovering av Paktarhuset – tilkomst for funksjonshemma m.m. Arbeid med saka.
- ✓ Bygdevandringar – Amdam 19. juni og sentrumsvandring 29. mai (Ørskogdagane).  
Planlegging av vandringar i 2012: Søndag 20. mai 2012.
- ✓ Medlemsverving. Ein liten netto vekst (+4) i 2011. Program for medlemsverving.
- ✓ Postveg marsjen 2011- 11. sept. Førearbeid – gjennomføring.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank (5.000) og Ørskog kommune (3.000). Jf. rekneskap 2011.
- ✓ Sikring av malmgruvene. Ove Eide har vore sentral i førebuingarbeidet.
- ✓ Gamle lokomobilhuset – til slutt teke ned – ingen var interesserte i å ta over huset.
- ✓ Deltaking på Ørskogdagane i mai 2011. Stand – kvernhusdrift – lokomobil – sentrumsvandring.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m.  
Utarbeiding av kriterier for mottak av gåver.
- ✓ Bygningsmessige endringar Paktarhuset – avslag på søknad Fylkeskonservator.
- ✓ Stad for styremøte – kveldsete mm – alternativ til Paktarhuset.
- ✓ Framtida til Paktarhuset. Eiga sak på årsmøtet i mars 2012.
- ✓ Postvegen – tilskot – avsetjing av midlar til vidare arbeid. Jf tilskot frå kommunen.
- ✓ Restaurering av løa på Langskipsøya – få Storfjordens Venner på banen!
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ Gamle Tverrelvbrua – restaurering?
- ✓ Arkivering av protokollar m.m. - avtale om samarbeid med kommunen om rom i Rådhuset.
- ✓ Førebuing av årsmøtet 2012.
- ✓ Medlemskontingent 2013 – framlegg auke frå 220 kr til 250 kr.
- ✓ Årsskrift 2011 – evaluering ulike sider av saka.

**Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemnder og utval – der vi tek med:**

- ✓ Årsskriftet for 2012.
- ✓ Fotoregreringsarbeidet – avskrift kyrkjebøkene.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf eiga nemnd. Møte med Fylkeskommunen m.m. Tilskot. Dugnad.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Framdriftsplan renovering etc.

Ørskog Historielag saman med Ørskog Rotary har sidan 1995 årleg gjeve ut **Ørskogkalendaren** – med biletmotiv frå Ørskog.

Frå 2001: Laga har hatt ansvaret for utgjevinga annakvart år. Ørskog historielag for 2002.

**Kalendaren for 2012 har Ørskog Rotary hatt ansvaret for.**



Ørskog Sparebank har kvart år kjøpt ein stor del av opplaget til utdeling til husstandar i Ørskog.

**Kveldsete/bygdevandringar:** Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsete vore avvikla med desse 7 **temaene**:

- 5. april 2011: Olav Oksvik, liv og virke – Andreas Backmann – 38 personar.
- 29. mai 2011: Sentrumsvandring Sjøholt – Petter Sjøholt og Tore Gjære – 20 personar.
- 19. juni 2011: Bygdevandring på Amdam – Nils I. Amdam, Roger Amdam, Hans Petter Amdam, Rolv Amdam og Tor Einar Amdam – 32 personar.
- 8. september 2011: Roald Amundsen og luftskipet «Norge» - Tore Gjære – 22 personar.
- 4. oktober 2011: Storfjordens venner – Asgeir Kvernberg – 13 personar.
- 1. november 2011: Lars Andreas Stenholt – Kari Kvernberg – 17 personar.
- 7. februar 2012: Jens Synnes i ord og tonar - Kjell Opsal – 18 personar.

Det er så langt planlagt kveldsete 10. april 2012 med tema: Vi ser på foto frå laget si samling.

Bygdevandring 20. mai 2012. For hausten 2012 er tema for kveldseta ikkje fastlagde.

Samla oversyn over alle kveldsseta sidan 1998 finn vi på laget si heimeside:

[www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

**Husstyret** – frå arbeidet til husstyret tek vi med:

- ✓ Medlemmer: **Arve Ørskog** (leiar) - Olav Jan Bårdsgjære – Gunnar Tenfjord – Jorunn
- ✓ Reingjering og anna forefallande arbeid innandørs.
- ✓ Stell av uteområdet.
- ✓ Arbeidet med tilkomst for rørslehemma har gått vidare. Det ligg no føre endeleg vedtak knytta til denne saka – i melding frå Riksantikvaren er det klårt slege fast at bygging av tilkomst for rørslehemma er avslått. Laget ser det vanskeleg å gå vidare på dette sporet. Styret har såleis reist debatten rundt framtida for Paktarhuset i regi av Historielaget.
- ✓ Laget har ikkje kome vidare med utføring av dei vedlikehaldsarbeida det er gjeve klarsignal for – jf. også tilskot til desse oppgåvene. Planar er utarbeidde og det er sett frist for bruken av tildelte midlar. Laget må forsere dette arbeidet i komande år.
- ✓ Paktarhuset har også dette året vore ein del nytta til møte og samkomer.
- ✓ Eigen rapport frå nemnda ligg ikkje føre.

**Skriftnemnda** – frå arbeidet i nemnda noterer vi oss:

- ✓ Medlemmer:  
Giskemo – Reidun Klock Tjervåg – Einar Landmark.
  - ✓ Eigen rapport frå nemnda ligg ikkje føre.
  - ✓ Nemnda har gjennom året arbeidd med årsskrift for 2011.
- Møte er haldne – og styret har vore orientert om framdrift m.m.  
Skriftet kom noko seint – heilt innunder jul – og vart distribuert til alle medlemmer, annonsørar og lagt ut for salg. Hatlehols Trykkeri vart nytta – boka har stive permar.

Årsskrift 2011, bok/hefte nr. 21, kom ut med 178 sider mellom stive permar der forsida er pryda med 100-årsjubilanten – Ørskogkoret (tidlegare Ørskog blandakor), og baksida med årets kulturprisvinnar, Gro Christiansen. Det er god variasjon i tema, og eit hefte laget kan vere stolt av.

**Innhaldslista ser slik ut:**

Forord.

Ørskogkoret 1911-2011, *Pål Viset*.

Multikunstnaren Jens Synnes, *Reidun Klock Tjervåg*.

Olav Oksvik. Litt om mannen og politikaren, *Andreas Backmann*.

Ei vandring i Sjøholt sentrum, *Tore Gjære*.

Talatrusten. Nokre utdrag frå Ørskog Blandakor sitt årsskrift om laust og fast i Ørskog.

Ørskog Kino gjennom 65 år, *Sigmund Braute*.

Hans L. Sjøholt. Minne frå siste verdskrig – og noko attåt, *Ragnar Bakken*.

Skolestmaskina på Valgermo, *Oddny-Lise Nakken*.

Sementsteinproduksjon i Einagarden, *Petter Sjøholt i samtale med Karl G. Kirkreit*.  
fyring med skogsflis, *Jarle Erstad*.

Nokre historier frå Ørskog – *Reidun Klock Tjervåg og Bjørn Steinar Skarbø*.

Kyrkjegardar og kyrkjegardsstell, *Rolv Amdam*.

Utviding av Ørskog kyrkjegard, *Ester Walgermo*.

Friderik Octavius Barnholt. Premierløytnant som bygde hus på Apalset i 1825, *Ole Øystein Nybø og Einar Landmark*.

Restaurering av høyløe på Gamle Lisetsætra, *Asgeir Kvernberg*.

Perler frå fotoarkivet, *Ole Øystein Nybø*.

Hendingar i Ørskog 2011.

Årsmelding for Ørskog historielag 2010.

Medlemer 2011.

Annonser.

Presseomtale av årsskriftet har vi fått fleire av – vi tek med nokre glimt frå Nytt i Uka:

Under overskrifta «**Kultur-myldring i Ørskog Historielag**» skriv redaktøren i Nytt i Uka m.a i sin omtale av laget sitt årsskrift:

«Som vanleg presenterer ØH eit innhaldsrikt og variert hefte før jul. Det er dei slett ikkje åleine om. Men det som plasserer laget i ei klasse for seg sjølv, er den imponerande store, mangslungne og jamne aktiviteten dei driv ved sidan av. -----

Men det er først når lesaren kjem til den overlag fylldige årsmeldinga at ein verkeleg blir imponert. Utanom styret er det i sving ikkje færre enn sju nemnder med frå fire til sju medlemer og kvar med sine definerte ansvarsområde: ----- Og av den ti sider lange årsmeldinga kjem det tydeleg fram at dei arbeider aktivt med, og løyser i tur og orden, ei lang rekkje små og større oppgåver til glede og gagn for bygda si. Dette er kulturarbeid av aller edlaste merke.»

Omtalen fullt ut følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

### **Teknisk utval** – arbeidet i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Svein Stene** (leiar) – Ola Gausnes – Steinar Leganger – Einar Vestre – Arnfinn Hanestadhaugen.  
Vi siterer frå leiar Svein Stene sitt notat frå arbeidsåret 2011:
- ✓ 8. januar: Lokomobilen vart 8. januar 2011 flytta til Hanshuset i Bankparken. Han vart vaska før flytting. Tore Gjære drog han bort i vaskehallen, Straumen Bil sørga for flytting bort i Bankparken. Rolf Stenødegård var sjåfør. Alt var utan kostnad for Historielaget. Ei stor takk til desse. Desse deltok: Arnfinn Hanestadhaugen, Tore Gjære, Svein Stene, Rolf Stenødegård, Straumen Bil og Sjøholt Last og Buss.
- ✓ 2. april: Rydda og tetta att opning der svala kom inn for å byggje reir i smia.
- ✓ 28.-29. mai: Oppstart av lokomobilen på begge Ørskogdagane. Arnfinn Hanestadhaugen hadde orientering om kvernhuset. Han hadde også ei orientering litt seinare for barnehagen – der han mol korn.
- ✓ 27. juni: Rydding av malmbana frå Li til Myrteigen. Rydda også ved kvernhuset.
- ✓ 1. juli: Kjelekontrollen var her for å kontrollere lokomobilen. Han vart trykkprøvd og godkjent for fem nye år.
- ✓ 1. august: Rydda ved kraftstasjonen. Slått gras ved kvernhuset, festa hengsle på kvernhusdøra.
- ✓ 28. august: Lokomobilen var på Sunnmøre Museum – frakta av straumen Bil A/S. Sunnmøre museum stod for alle kostnader.
- ✓ Oktober: Arbeid med ved til lokomobilen frå ryddinga av Postvegen i Landedalen. Per Jostein Sæter ga oss veden. Takk til han.
- ✓ Desember: Hengde opp godkjenninga og sertifikatet til lokomobilen i Hanshuset.
- ✓ 28. desember: Rydda vassrenna for avbrotne grantre ved kvernhuset.

Dette vart Svein Stene sin siste rapport frå arbeidet i Historielaget.

Søndag 22. januar 2012 døde Svein heilt brått. Han var på skitur denne fine vinterdagen og komen mest til Liasætra, døde han. Svein var eit naturglad menneske – sommar som vinter. Ein skitur for han denne søndagen var heilt naturleg. Denne turen vart kort.

Vi kan enkelt karakterisere Svein som eit ja-menneske av dei sjeldne.

Svein kom med i ØH tidleg på 1990-talet – nokre år etter at laget vart skipa. Ei av laget sine store oppgåver i denne perioden var restaureringa av Historielaget sitt klenodium – lokomobilen.

Saman med m.a. Hans O. Sjøholt vart det gjort ein formidabel innsats knytta til dette arbeidet.

I alle år deretter har Svein vore sentral i vedlikehald, demonstrasjonar o.a. heilt fram til lokomobilen fekk sitt utstillingslokale i Bankparken sist år.

I 1994 oppretta ØH eit eige utval for oppgåver som laget stod framføre – teknisk utval. Svein kom med her – og han har vore sentral som leiar i ei rekkje år. Oppgåvene har vore mange: Ørskogfossen kraftstasjon, smia og paktarhuset på Prestegarden, Postvegen kan nemnast.

Svein tok alltid aktivt del – han kunne laget lite på. Oppgåvene vart utførte på ein god måte – Svein hadde ideane og innsikta. Det handverksmessige bar alltid preg av solid innsats og kunnskap.

Svein sine bidrag til laget si årsmelding vart regelmessig levert til sekretæren – han var alltid først ute. I år vart notatet det siste: Det vert avslutta slik: «28. des. rydda vassrenna for avbrotne grantre ved kvennhuset».

Gravferda var frå ei mest fullsett Ørskog kyrkje 27. januar 2012. Ragnar Bakken sa minneord om Svein - knytta til ein vakker blomekrans. Minneord var også å finne i Bygdebladet.

Ørskog Historielag har mista ein trufast medlem, medarbeidar, handverkar og medmenneske.

Vi takkar for alt dette – og lyser fred over Svein sitt minne.

### **Aktivitets – og museumsnemnda** – arbeid i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) – Leidulf Reite – Kåre Myren – Karin Årdal

### **Årsrapport frå nemnda:**

Aktivitet frå årsmøtet og ut året:

- ✓ Vi har hatt 6 møte.
- ✓ Vi arrangerte laget sin stand under Ørskogdagane, og hadde boksal frå Hanshuset, medan lokomobilen stod der.
- ✓ Vi var med å arrangere Postvegmarsjen 11. september.
- ✓ Vi henta seks fine arkivskap på Stranda til lagssamlingane. Dei vart gitt gratis frå Stranda likningskontor etter eit initiativ frå Leidulf Reite.
- ✓ Vi har handsama gåver til laget.
- ✓ Vi har utarbeidd retningslinjer/kriterier for gåvemottak og anna verksemd i nemnda.
- ✓ Vi er i gong med ein spanande prosess, der målet er eit internett-basert system for registrering og lesing av opplysningar om lags-samlingane. Øyvind og Tore Gjære er kobla inn i dette.

### **Årsrapport for gruvesikring – Ove Eide skriv:**

#### **UTVALET FOR GRUVESIKRING:**

Først: Utvalet vart oppretta av Einar Landmark på årsmøtet i laget, 7. mars 2011, med medlemmane Tore Gjære, Svein Stene og Ove Eide. Sistnemnde har fungert som leiar, og utvalet vart utvida hausten 2011 til også å omfatte Petter Sjøholt.

Formålet var særleg å få sikra den farlege gruvesjakt i Lid-feltet, og elles gjere ei vurdering av sikkerheit og tilgjengelegheit for dette gruveområdet, der historielaget allereie hadde gjort ein god del arbeid.

I den korrespondansen eg har hatt med Direktoratet for mineralforvaltning, har eg representert: Ørskog Historielag, Utvalet for gruvesikring.

Dersom utvalet ikkje er formelt registrert hos laget, synest eg dette bør gjerast.

Aktivitet i 2011:

- Korrespondanse med Direktoratet for mineralforvaltning (tidlegare Bergvesenet).
- Møte med grunneigarane.
- Dugnad med rydding og steinmuring ved dei nedste gruvene, noko som vil halde fram våren 2012.
- Synfaring til gruvene med leiar for Direktoratet for mineralforvaltning (og bergmeister for Svalbard) Per Zakken Brekke.
- Synfaring til gruvene med leiar for Janco Mek, Jan Petter Aasen, der det vart sett på kriterier for sikring og vurdert tekniske løysingar.
- Formell søknad om finansiering av sikringstiltak vart send til direktoratet 9. desember.

### **Fotoregistreringsgruppa:**

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog. **Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa som i tillegg har desse medlemmene: Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

### **Fotoregistrering 2011:**

Pr. dato har vi fått avfotografert og registret 780 bilete som har med Ørskog å gjere. Dei er alle å finne på FylkesFOTOarkivet si heimeside og kan søkast opp på: <http://www.fylkesfoto.no> I tillegg til desse har vi ferdig avfotografert om lag 100 bilete som vi arbeider med å identifisere personane på, og lage tekst til. Og så har vi for tida på lån om lag 120 bilete som er levert inn til avfotografering.

### **Digitaliseringa av kyrkjebøkene (KB):**

Dei fire eldste KB for Ørskog prestegjeld er no ferdig grovregistrerte, men ikkje alt er korrekturlese. Desse bøkene omfattar tida frå 1720 til 1816. Dei to neste bøkene frå 1817 til 1842 er registrert før, og lagt ut på nettstaden til Digitalarkivet. Det same er deler av dei to bøkene frå 1843 til 1862. Når korrekturlesinga og den påfyljande retting er gjort, vert også desse fire eldste bøkene langt ut på nettet etter kvart.

**Ole Øystein Nybø** er primus motor i dette arbeidet. Fleire medhjelparar tek del i korrekturlesinga! Vi kan nytte oss av arbeidet ved å gå inn på nettstaden til Digitalarkivet <http://www.digitalarkivet.no>

**Postvegen – eiga nemnd: Jan Lande (leiar),** Elling Ødegård, Kristian Tøsse og Rolf Hatlen.

### **ÅRSMELDING FOR POSTVEGNEMDA 2011.**

10. mai deltok leiaren på dagsamling på Fjellstova om emnet Den Trondhjemske Postveg. Arrangør var Fylkeskommunen og Statens Vegvesen. Synfaring av postvegen ved Haugsetra var også på programmet.

Elles er det halde dugnad på postvegen mellom Myrløken og Haugsetra. Mykje skog vart rydda, og etter kvart køyrt vekk. Sju av laget sin eldre garde tok del i arbeidet. Tore Gjære og Svein Stene tok med traktor og jernhest. Det vart sju dugnadsdagar tilsaman, og 72 timar. Stor honnør til alle deltakarane, samt Klein Hulse på Fjellstova som baud på gratis kaffe og vafflar.

Elles har Bygdebladet og leiar vore på to synfaringar på Kvanndalvegen/Postvegen, med god omtale i Bygdebladet. Det har vore synfaring i lag med Gunnar Braute, for vurdering for det som gjeld kostnad av opparbeiding neste delen av postvegen ved Myrløken, eller om mogleg heile sterkninga til Haugsætervegen.

Det er arbeid for å finansiere prosjektet, og det ser no ut til at arbeidet kan byrje til våren 2012. Det er gjeve tilsagn om stønad frå Ørskog Komune (200.000), Ålesund og omland Friluftråd og Historielaget. Ørskog Sparebank har vi ikkje fått tilbakemelding frå, vi vonar det beste. Har søkt om 20.000. Styret må gjere nødvendige vedtak – og arbeidet kan setjast i gang.



Det er enno dagnad som må gjerast til våren, så veteranane vert ikkje arbeidslause. Venteleg er det ei hovedoppgave for styret å rette innsatsen mot steinbrua før den rasar ned i elva.

Postvegmarsjen vart arrangert for 8. gong 11. september 2011. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag – jf. eigen omtale.

**Nettsider Ørskog Historielag:** Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære (innhald) og Øyvind L. Gjære (utforming) for flott arbeid. Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)  
Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.  
Tore Gjære kan i år melde at det ligg føre planar om ei omlegging av heimesida. Det inneber mellom anna at ein enkelt kan ta i bruk nye funksjonalitetar, som til dømes registrering av laget sine samlingar direkte på nettet med ulike passordnivå. Denne omlegginga vil bli drøfta med styret, og kan tidlegast skje i mai/juni 2012.

**Olav Oksvik - stiftinga:** Ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik er skipa. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. Vi kan ikkje melde om vesentleg framgang i dette arbeidet i 2011. Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Karin Årdal, Hilde sørdal og Mons-Olav Walgermo. Frå kommunen er valde: Arild Aanes (ny leiar frå 2012) og Karl johan Vaksvik

### **Ørskogkalenderen:**

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen.

Ørskog Rotary hadde i 2011 ansvaret for kalenderen for 2012.

Komande kalender – for 2013 vert Ørskog Historielag si oppgåve.

Alle husstandar har fått kalenderen – utsendt av Ørskog Sparebank.

**Rekneskap** for året 2011: Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet.

**Framover:** Styret tek sikte på - snarast etter årsmøtet – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2012. Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje grunnlaget for komande årsplan.

**Viktige prosjekt for vidare arbeid og prioritering vil m.a. vere – til drøfting på årsmøtet – vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene – for så hardt arbeid:**

- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Viktig å kome vidare!
- ✓ Restaurering av løa på Langskipsøya. Få Storfjordens Venner på bana!
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart - demonstrasjonar?
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid – årleg rydding – samarbeid med Ørskog Energi.
- ✓ Gruvene i Liafjellet – sikringsarbeid – eiga arbeidsgruppe. Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobil. Vedlikehald. Oppstart. Demonstrasjonar - på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald. Her står mykje arbeid framføre.  
Framtida for huset må gjennomdrøftast – jf. nei til planane om tilkomst for rørslehemma.
- ✓ Årsskrift nr 22 – for år 2012. Innhald og arbeid.
- ✓ Ørskogkalendar for 2013: Ørskog Historielag har ansvaret denne gongen. Eiga nemnd
- ✓ Gåver – jf vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering o.a.
- ✓ Avtale med Ørskog kommune om arkivordning i nytt Rådhus for lag og organisasjonar.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kyrkjebøkene – framhaldande arbeid med digitaliseringa.
- ✓ Arbeidet med kulturminneatlas i samarbeid med Ørskog Kommune.


- ✓ Tilskipingar – kulturminnedagane 4.-9. sept. 2012 med tema:»Møteplassar».
- ✓ Registreringsarbeid – arkivering m.m.
- ✓ Postvegen – starte arbeidet i Landedalen/Ørskogfjellet. Postveg marsjen for 9. gong.
- ✓ Kveldsete med om lag 6 arrangement pr år – ei flott merkevare for ØH!
- ✓ Bygdevandringar – behovet/interessa for slike er klart til stades.
- ✓ Bygdebøkene/ættesoga – kome vidare i samarbeid med Ørskog Sparebank?
- ✓ Stadnamnbok for Ørskog – samarbeid med Skodje og Ørskog mållag?
- ✓ Småbedrifter i Ørskog – registreringsarbeid.
- ✓ Landingsvøren på Amdam – gjere noko? Vi har ikkje fått gjort noko så langt.
- ✓ Valbøkanalen. Kvelvingsbrua over Svartløkelva. Gamle Tverrelvbrua – restaurering.
- ✓ Deltaking/markeringar på Ørskogdagane.
- ✓ Medlemsverving. Vi har hatt nokre gode år, men kjem aldri i mål! Medlemspleie.



## Sentrumsvandring - 29. mai 2011 - Ørskogdagane.

\* På Ørskogdagane 28. og 29. mai 2011 var Historielaget til stades og slo eit slag for sine aktivitetar. Lokomobilen vart starta, og kvennhuset var ope for innsyn. På Bankplassen hadde vi eigen paviljong med sal av tidsskrift og anna.

Søndag var det sentrumsvandring der ca 20 vandrarar vart med på ein tur langs den gamle vegen gjennom Sjøholt-tunet opp til Steinholt. På utvalde stader stansa vi og snakka om korleis det var her i "gamle dagar".



Det er ikkje alltid så lett å lese skrifta i gamle kyrkjebøker.



## Ørskog Historielag 2011– der vi spesielt trekkjer fram:

- ✓ Ørskog Historielag med eit nytt og innhaldsrikt årsskrift – nr 21!
- ✓ Negativt svar frå Riksantikvaren om tilordning av tilkomst for rørslehemma i Paktarhuset!
- ✓ Godt arbeid i alle utval og nemnder!
- ✓ Midlar til vidare arbeid med Postvegen er på plass.
- ✓ Lokomobilen inn i nytt flott hus 8. januar 2011! Takk til Ørskog Sparebank!
- ✓ Vellukka bygde- sentrumsvandringar.
- ✓ Fine og godt besøkte kveldsete.
- ✓ Trufast medarbeidar i ØH gjennom ei rekkje år døydde brått 17. januar 2012.

Styret vil rette ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2011.

I eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside heiter det:

**”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”**

Dette fyndordet har vore nytta i laget si årsmelding gjennom fleire år, men er like aktuelt!

For styret i Ørskog Historielag år 2011.

Ragnar Bakken – skrivar –

årsmelding ørskog historielag 2011



Leiaren i teknisk utval, Svein Stene, i arbeid med renna til kvernhuset.



## BYGDEVANDRING 10. SEPTEMBER 2010.



Ein del av vandrarane har stoppa for å sjå på det gamle Svindseth-huset.  
Svindseth-huset er i dag historie.

\* Laurdag 18.september 2010 var det tillyst bygdevandring i Sjøholt sentrum. Det var litt spanande om folk ville møte opp, for regnet sila jamt ned på føremiddagen. Men etter kvart letta veret, og det vart heile 30 personar som vart med på turen, som gjekk frå Rådhuset til Realskulen (langs Amtskulevegen). Etter vandringa var det lysbildeframsyning i lokala til Vøl'n ungdomsklubb. Der fekk vi sjå glimt av den gamle bebyggelsen som hadde stått langs den ruta vi hadde gått. Det var dekt på småbord og servert kaffi og kjeks, så det vart rett ei triveleg stund.

